

REFERAT MEKLINGSMØTE 03.10.2005

KOMMUNEPLAN FOR TOKKE 2005–2017, AREALDELEN

Kst. fylkesmann Arne Malme leda møtet.

Til stades:

Tokke kommune: Olav Urbø, ordførar
Olav Bjørn Bakken, rådmann
Åge Verpe, teknisk sjef

Telemark fylkeskommune: Per Ove Kittelsen, rådgivar

Fylkesmannen: Morten Johannessen, avdelingsdirektør miljøvernnavd.
Odd Frydenlund Steen, rådgivar, miljøvernnavd.
Kristin B. Vindvad, rådgivar, staben

Etter oppmoding frå Tokke kommune kalla fylkesmannen inn til meklingsmøte med synfaring 03.10.2005.

Kommuneplanen for Tokke 2005–2017, arealdelen blei lagt ut til offentleg ettersyn mars 2003, med høyringsfrist april 2003. Etter handsaming i kommunestyret september 2003 blei planen endra. Planutvalet sende saken ut til nytt offentleg ettersyn mai 2005, med høyringsfrist juli 2005. Fylkesmannen i Telemark v/miljøvernavdelinga, fylkesberedskaps-sjefen og staben hadde motsegn til arealdelen i kommuneplanen for Tokke 2005–2017. Følgjande hadde motsegn:

Fylkesmannen si miljøvernavdeling tilfeltet SH 7 (Gamasfit; 5 hytter) og vestre del av område vist som framtidig fritidsbustadbygging vest for R3 og R4, Hallbjønnsekken vest og sør.

Fylkesberedskapssjefen til at flaumsonekartet ikkje er innarbeida i planen.

Fylkesmannen v/staben til følgjande tilhøve:

- omfang av spreidd bustad- og yrkesbygg i LNF-området
- omfang av spreidd hyttebygging i LNF-området. Dette gjeld områda SH2 Byrtedalen, SH3 Botnedalen, SH4 Strandstøyldalen, SH5 Bessedalen og SH6 Hylebu-Åmli.

Planutvalet handsama motsegnene i møte 31.08.2005, og i si tilråding til kommunestyret blei omfanget av spreidd utbygging i LNF-området redusert. I brev datert 12.09.2005 har Fylkesmannen v/staben trekkt motsega til spreidd hyttebygging og spreidd bustadbygging/yrkesbygg i LNF-området, på vilkår av at vedtaket blir i tråd med tilrådinga frå planutvalet.

Fylkesmannen v/fylkesberedskapssjefen hadde fremma motsegn fordi flaumsonekartet ikkje er innarbeida i arealdelen. Vi har fått avklart at flaumsonekartet ligg innafor reguleringsplan for Dalen, som framleis skal gjelde framfor kommuneplanen sin arealdel. Motsegna kan difor trekkast. Dette blei presisert i meklingsmøtet.

I kommunestyremøte 13.09.2005 vedtok Tokke kommune å godkjenne kommuneplanens arealdel 2005–2017. Då det låg føre motsegn frå Fylkesmannen si miljøvernnavdeling til byggeområde for hytter vest for Hallbjønnsekken samt spreidd hyttebygging i LNF-område SH7 Gamasfit, er planen ikkje gitt rettsverknad for dette området. Kommunestyret har likevel vedtatt dette utbygd.

Motsegn til hyttebygging vest for Hallbjønnsekken stod difor att og var tema for meklingsmøtet.

Tokke kommune

Strategi for hyttebygging er ein del av ein større strategi for å møte utfordringane i kommunen. Hyttebygging på Hallbjønnsekken er ein del av denne strategien.

Kommunestyret ønska hausten 2003 å få utreda vidare hyttebygging vest for Hallbjønnsekken. Det er blitt utarbeida ei villreinutgreiing frå NINA.

Administrasjonen si tilråding var å leggje grensa som i høyningsutkastet, noko både planutvalet og kommunestyret har sluttat seg til. Det er altså semje mellom administrasjon og politikarar om den føreslegne løysninga. Kommunen har alt gjort kompromiss ved at dei har teke rapporten frå NINA til følgje. Anbefalingane frå NINA går ut på å spare vestlege område av Hallbjønnsekken, mens begrensa utbygging som det kommunen legg opp til blir omtala i rapporten som mindre konsekvens.

Ny hyttebygging er lagt rett vest for eksisterande reguleringsplanar Hallbjønnsekken Sør og Vest. I området ligg det alt mange hytter, bygd etter tidlegare disposisjonsplanar, og nye hytter vil vere å sjå på som ei fortetting av desse områda. Området er avgrensa mot 900 m-beltet, og det er lagt vekt på å behalde korridorar mot friområda. Områda med ny hyttebygging vil ha ei avstand på om lag 1,5 – 2 km til villreintrekket, noko kommunen meiner er ei akseptabel avstand.

Kommunen viste til Visa-rapporten, der vår internasjonale plikt til å ta vare på villreinen går fram. Kommunen meiner at dette området ikkje er hovudområde for villreinen.

I kartet ”Ferdsle i Setesdal Austhei villreinområde”, utarbeida i 1998 av Villreinnemndene og Fylkesmennene i Aust-Agder og Telemark, er det aktuelle området skravert som ”Utgått av bruk som beiteområde pga. utbygging”. Dette har kommunen retta seg etter.

Etter kommunen si mening vil det vere totalt urealistisk og feil prioritering å tenkje seg å oppgradere trekket og reversere utbygginga i området.

Kommunen har lagt opp til ein strategi for å lede skifart utanom viktige funksjonsområde for villreinen. I dag går delar av løypene i Kuskaret og vidare innover i sårbare område.

Miljøvernnavdelinga

Miljøvernnavdelinga framheva at dei generelt er godt nøgd med arealplanlegginga i Tokke. Kommunen har justert planane i forhold til signal gitt i tidleg fase.

Avdelinga sin rolle er å sjå til at statleg politikk blir ivareteke i kommuneplanlegginga. Stortingsmelding nr. 21 (2004-2005) om Regjeringa sin miljøvernpolitikk oppgraderer status for villreinen, og har sett spesielt fokus på fjell og forholdet mellom hyttebygging og villrein.

Området Setesdal Austhei er i Stortingsmeldinga føreslege som eit lokalt villreinområde, men dette inneberer ikkje at det skal bli enklare å byggje ut i slike område enn i dei som er føreslege som nasjonale område. Fylkesmennene i Telemark og Aust-Agder har i felles brev føreslege at nordområda i Setesdal Austhei og korridoren over riksveg 45 bør bli med i det nasjonale villreinområdet pga omsynet til vinterbeitefor Setesdalstammen.

I villreinutgreiing frå NINA blir ulike omfang av utbygging vurdert. Full utbygging blir vurdert til å ha ”stor negativ konsekvens”, og utbygging som kommunen no har føreslege der dei vestlege områda blir spara, blir vurdert til å ha ”moderat negativ konsekvens”. Miljøvernnavdelinga finn at ”moderat negativ konsekvens” ikkje er godt nok, og ønskjer ”liten grad av konflikt” i forhold til villreinen.

Kartet ”Ferdslé i Setesdal Austhei villreinområde” frå 1998 er eit temakart som beskriver ferdslé og løypenett, samt leveområde for villreinen. Det er ikkje eit juridisk plandokument. Politikken har vore under utvikling ved at det var mindre fokus på villrein i 1998 enn det er i dag. Det er og slik at kartet omtalar området rundt Hallbjønnsekken som tapt beiteområde. Trekkvegen som er tema i denne plansaken, er derimot vist i kartet.

Utkast til Naturmangfaldlov vil leggje til rette for å restaurere naturområde for å ta vare på leveområda for spesiale artar, som til dømes villrein. Villreintrekket over fjellovergangen er delvis borte pga riksvegen som er vinterbrøyta med høge brøtekantner, høgspentliner i området, og spreidd hyttebygging. Om ein i framtida vil sjå det naudsynt å reversere utbygging for å kunne tilbakeføre sentrale villreintrekk, må vi ikkje no gjere det enno vanskelegare å reversere.

Samstundes med denne plansaka er det ein vegsak i området til avgjerd hos Fylkesmannen i Aust-Agder, som har blitt påklaga av Fylkesmannen i Telemark. I meklinga blir desse to sakene sett uavhengig av kvarandre. Likevel ser miljøvernnavdelinga at miljøomsyna i dei to sakene er dei same, og at resultata ikkje bør sprike. Dersom Fylkesmannen i Telemark ikkje får medhald i vegsaka, vil miljøvernnavdelinga vurdere motsegnene til arealdelen på nytt.

Miljøvernnavdelinga ser positivt på kommunen sitt arbeid med å kanalisere ferdsele vekk frå villreinområda, samt å setje i verk informasjonstiltak. Avdelinga ønskjer likevel å unngå å legge til rette for vidare utbygging vestover.

Miljøvernnavdelinga ser at det å trekke ei grense for vidare utbygging inneber eit element av skjønn. Miljøvernnavdelinga meiner det ikkje er riktig å gå lenger vestover enn det som er regulerte område frå før. Avdelinga seier difor nei til spreidd utbygging for hytter SH7 Gamasfit, utviding av byggjeområde for hytter vestover og at eksisterande disposisjonsplanar

som er starta bygd ut skal kunne byggjast ferdig (gjeld ei hytte). Vidare ønskjer avdelinga at ein skravur som viser hensynssone for villrein blir lagt inn som opplysning i kartet.

Framlegg til løysing

Fylkesmannen la fram forslag om å ta bort område for spreidd hyttebygging i SH7 Gamasfit, og sette tal for hytter som skal kunne byggast i byggeområdet.

Framlegget blei forkasta av både Tokke kommune og miljøvernnavdelinga.

Telemark fylkeskommune

Telemark fylkeskommune sin rolle i planarbeidet er å vurdere dei regionale interessene opp mot dei føreslegne planane. I høve til Kommuneplan for Tokke 2005–2017, arealdelen er det ikkje tungtvegande regionale interesser som gjer at Telemark fylkeskommune har motsegn til planen.

Vidare handsamling av kommuneplanen

Ettersom det framleis ligg føre motsegn til planforslaget, kan kommunen ikkje eigengodkjenne planforslaget. Fylkesmannen viste til ”Retningslinjer for bruk av innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven”, Rundskriv T-5/95 frå Miljøverndepartementet. Vidare saksgang blei referert til.

Saken har vært handsama i kommunestyret, som vedtok planen slik den no ligg føre. Ettersom det er motsegn frå Fylkesmannen si miljøvernnavdeling til byggeområde for hytter vest for Hallbjønnsekken samt spreidd hyttebygging i LNF-område SH7 Gamasfit, har planen ikkje rettsverknad for dette området. Kommuneplanen må sendast til Miljøverndepartementet til godkjenning.

Kommunen må i oversendingsbrevet gjere greie for konflikten, og kommunen si grunngjeving for ikkje å ta omsyn til motsegna. Det må bli gitt ei saksframstilling og med slik dokumentasjon at fylkeskommunen, fylkesmannen og Miljøverndepartementet får eit fullstendig bilet av konflikten og kommunen si handsaming av denne.

Alle saksdokumenta må vere ordna i kronologisk rekjkjefølgje med 4 kartsett, vedtak, saksframstilling, uttale og planførersegner samt dokumentliste. Det må liggje føre uttale frå dei myndigheter og organisasjonar m.v. som har berørte grupper som har engasjert seg. Kommunen må vidare gjere greie for planforslaget sitt forhold til overordna planer, rikspolitiske retningsliner, tidlegare planer og pågåande planarbeid.

Kommunen sender saken direkte til fylkesmannen. Kopi av brevet blir sendt til fylkeskommunen og den fagmyndigkeit som har fremma motsegn.

Oppsummering

Fylkesmannen kunne oppsummere møtet på følgjande måte:
Partane blei ikkje samde.

Dersom kommunen ønskjer å gå vidare med saken, må den sendast til Miljøvern-departementet for endeleg avgjerd.

Fylkesmannen takka for møtet.

Skien, 21.10.2005

Arne Malme

Kristin B. Vindvad
rådgivar, ref.